

## Fire nye vaksne, men kor er ungane?

30.10.2010



Lenge var to vaksne svaner med to ungar å sjå på Stølavikjo.

**I eit par veker har to vaksne svaner med to grå ungar hatt tilhald på Stølavikjo. Dei har vore til glede for born og vaksne. Svanene har vorte mata, og dei har kome så nær som skotuppene**

I dag var det igjen svaner å sjå. No var talet på vaksne svaner auka til seks, men dei to grå svaneungane var ikkje å sjå. Kor er dei? Dei kan vel ikkje ha vorte vaksne og kvite på to dagar?!

Kan dyr ha teke dei, eller kor er dei?

I dag vart også svanene mata frå Sandakaien. Etterpå tok dei seg ein symjetur og gjekk i land for å inspisera badestranda i Stølavikjo! Ei av svanene synte storleiken ved å heva seg og veifta med vengene. Fint syn!

Tekst og foto: Torfinn Myklebust



I dag var det seks voksne svaner å sjå